



Avkroken ved Ragnvald Vaage har motteke diplommet (Foto: Kjell Magne Haugland)

- Det var godt at vi ikkje vann. Ein tredje siger ville ha vore pinleg. Slik uttrykte medlem av Humlepungen Bryggjarlag Reidar Myklebust seg i natt etter at Kvinnheradmeisterskapet i juleølbyggjing var avgjort på Dønhaug. Denne gongen var eit bryggjarlag frå Sunde i særklasse Avkroken Bryggjelag nådde 106 av 150 mogelege poeng medan Ølve-laget Det lille Ølve fekk heiderleg omtale for to sorter øl som nådde 93 og 90 poeng. Eit bryggjarlag frå Bergen som kalla seg Kystbrygg fekk også ei spesiell utmerking men stilte ikkje opp i tevlinga om juleøl fordi ølet deira var ein portertype



Dommarane hadde ein krevjande jobb

Dommartrioen besto av to anerkjente ekspertar frå vår kommune - Ole Jakop Albrethson og Jon-Gunnar Lundquist - og den opprinneleg amerikanske trubadur Robert Smith-Hald som bur i Bergen. Dei hadde ein svært krevjande jobb framfor seg då dei fekk 18 flasker øl med nummer på til vurdering.



Humlepungane for full musikk

Til slutt vart det 11 deltakande lag ettersom eitt av dei innmeldte ikkje møtte. Dei øvrige deltakarane var Nerhustunet Bryggjarlag frå Rosendal, Vette Fet Småbryggjarlag frå Fana, Slettebu frå Dimmelsvik, Bryggjelaget Fossheim/Haugen/Naterstad frå Rosendal, Sigurd Alsåker frå Ænes, Julastampen Småbryggjarlag frå Bringedalsbygda og Kveikjen Bryggjarlag frå Husnes.

Smith-Hald gjekk igang med ølbryggjing etter at han kom hit til landet og er fem gonger Noregsmeister. Han seier til uskedalen.no om grunnen til at Avkroken sigra så klart at ølet var fyldig og godt og prega av god balanse.

Det galdt til dømes balansen mellom sødme og alkohol. Han peika ellers på store variasjonar i maltbruken mellom deltakarane og

anbefalte bruk av ein basis-malt. Generelt slo han fast at det var presentert mykje godt øl for dommarane.

Det er Kvinnheringens journalist Aasmund Taarn Sande som har hatt ideen om eit meisterskap i ølbryggjing og avisa ved Sande som står for arrangementet i samarbeid med Humlepungen. Sande meiner at dette er ein form for kultur som bør bevarast. Han var glad for at det hadde lukkast å 'elge seg inn på Humlepungane', som han uttrykte det.

Det vart i kveld drøfta om meisterskapet bør delast i to klasser - ein for undergjæring og ein for overgjæring.

Arrangementet gjekk føre seg som ein integrert del av oppskoka før jul og var prega av mykje god sang og musikk ved Humlepungane og også tildels saftige historier ved dei og gjestar. Ei framifrå betasuppe bør også nemnast i tillegg til ølet. Og stemningen? Den var som den bør vera under ei oppskoka.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen